



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 12.12.2019
Møtestad: Konferanserommet
Møtetid: 09:00 - 14:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Ove Eidsnes	SA	Medlem	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	
Marit Kristin Nese	SA	Medlem	
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	
Robert Helland	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	
Sigrunn Almelid Birkeland	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	Meldt forfall
Ole Kristian Øvre Helland	SO	Medlem	Meldt forfall

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Inga Jorunn Nåmdal	SA	Varamedlem	Vara for Kristin Nåmdal
Nathalia Osmo Yndestad	SO	Varamedlem	Vara for Ole Kristian Øvre Helland

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Ove Sæbø	Assisterande rådmann	Administrasjon	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	
Magne Verpelstad	kommunekasserar	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
067/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
068/2019	Godkjenning av møteprotokoll
069/2019	Orienteringssaker
070/2019	Overføring av deltakerforhold i Interkommunalt utvalg mot akutt forurensing(IUA Bergen region)
071/2019	Framlegg møteplan våren 2020
072/2019	Regulering av feste- og fornyingsavgiftene for grav 2020
073/2019	Høyringsuttale Modalen kommune - kraftskatteutvalet NOU 2019-16
074/2019	Søknad om konsesjon for overtaking av GBNR 77/4 på Otterstad
075/2019	Økonomirapportering 2. tertial 2019
076/2019	Budsjett og økonomiplan 2020-2023
077/2019	Val av representant og vararepresentant til BKK viltfond

Notat frå møtet:

067/2019: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

068/2019: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Kommunestyrerepr. (vara) Petter Arnesen ført opp som repr. frå administrasjon. Rådmannen vil rette dette.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

069/2019: Orienteringssaker

Behandling:

Ordførar ber om at representantane reiser seg når dei skal halde innlegg og at dei adresserer ordførar og kommunestyret.

Håvard Engeseth: Viktig å hugse å vurdere habiliteten til kommunestyrerepresentantane fortløpande.

Ordførar: Sak om Voss klekkeri sendt ut til alle kommunestyremedlemmane i forkant av kommunestyret.

Ass. rådmann orienterte om felles psykologprosjekt i Nordhordland, samt fagdag gjennomført 11. des. Dette i regi av kommunalsjefgruppa for helse og omsorg i Nordhordland. Føremål: rekruttere og behalde psykologar i Nordhordland.

Rådmann: Sak om Bergen Fiber kjem til kommunestyret rett over nyttår.

Rådmann: rapport frå NUI for siste 4 år vart levert ut i kommunestyret.

Inga. J. Nåmdal: etterspurde modalskalender 2020. Ass. rådmann viste til at dette nok har sammenheng med at lag/org. ikkje har kunne ta på seg oppdraget slik dette har vore gjennomført siste 2 år. I tillegg at kundetorget ikkje har prioritert kalender i år. Det vart oppfordra til at lag/org. får invitasjon tidleg på året slik at dei kan førebu seg. Ass. rådmann oppfordra til at dette vert tatt opp på møtet som kulturkontoret inviterer til i jan/febr.

Orientering frå Michael Forland frå DIVHA som er ein regional samarbeids- og kompetanseorganisasjon. for vatnbransjen. DIVHA vert vidareført i ny organisasjon - Vann Vest AS. Modalen er ein av eigarkommunane.
Samrøystes

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

070/2019: Overføring av deltakerforhold i Interkommunalt utvalg mot akutt forurensing(IUA Bergen region)

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommune gir sin tilslutning til at kommunene Lindås, Meland, Radøy, Fjell, Sund, Øygarden, Fusa, Os, Granvin og Voss trer ut av IUA Bergen region pr. 31. desember 2019 med begrunnelse i kommunesammenslåing. Samtidig gir Modalen kommune sin tilslutning til at de nye kommunene Alver, Øygarden, Bjørnafjorden og Voss blir deltakerkommuner i IUA Bergen region fra 1. januar 2020, og at disse kommunene overtar rettigheter og plikter fra sine respektive sammenslåtte kommuner.

071/2019: Framlegg møteplan våren 2020

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Framlegg til møteplan for våren 2020 vert vedteke slik den ligg føre

072/2019: Regulering av feste- og fornyingsavgiftene for grav 2020

Behandling:
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Fellesrådet i Mo sokn sitt vedtak om regulering av feste- og gravferdsavgiftene for grav vert godkjent slik det ligg føre

073/2019: Høyringsuttale Modalen kommune - kraftskatteutvalet NOU 2019-16

Behandling:
Ordførar og rådmann orienterte.
Håvard Engeseth: Høyringsuttale bør skrivast på nynorsk. Viktig å merke seg at kraftskatteutvalet har peika ut ein retning som for Modalen kommune er urovekkande. Ein bør følgje opp i fortsetjinga.
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommune vedtar vedlagte høyringsuttale som svar på Finansdepartementets høyringsbrev frå 30.09.2019, der høyringsfristen for NOU 2019:16 er sett til 1. januar 2020.

Modalen kommune sluttar seg til LVKs vedlagte høyringsuttale, som er utarbeidd av LVK på vegne av 175 medlemskommunar.

074/2019: Søknad om konsesjon for overtaking av GBNR 77/4 på Otterstad

Behandling:
Håvard Engeseth og Linda Neset var ugilde i handsaminga av saka
Ove Eidsnes gav uttrykk for at det bør setjast krav om at søkjar må ha bustadadresse på gnr/bn 77/4.
Drøfta òg om konsesjonsforskrifta i Modalen bør skrotast. Rådmannen orienterte om forståing/praksis til kva som har vore førande for oppfylling av buplikt eller ei.

Eidsnes leverte forslag til tilleggsvedtak i saka.

Ann-Jorunn Farestveit etterlyste eigen sak som omhandla revisjon av konsesjonsforskrifta.

Administrasjonen svara at dette vert å kome tilbake til.

Det vart stemma over rådmannen sitt framlegg til vedtak: 10 stemmer for, 1 stemme mot. Ove Eidsnes stemte mot.

Det vart stemma over Ove Eidsnes sitt framlegg til tilleggsvedtak: Ove Eidsnes stemte for, 10 stemmer mot.

Vedtak:

Modalen kommunen gjev med heimel i konsesjonslova § 1, 2 og 9 Håvard Engeset og Tina Neset konsesjon til overtaking av GBNR 77/4 på Otterstad i Modalen.

Konsesjon vert gitt på fylgjande vilkår.

Håvard Engeset og Tina Neset held fram med å bu på GBNR 76/108 eller tilflyttar 77/4 i 5 år frå vedtaksdato.

Den avtala kjøpesummen er på kr. 1 700 000,-

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksvurderinga.

Vedtaket kan påklagast etter forvaltningslova § 28

075/2019: Økonomirapportering 2. tertial 2019

Behandling:

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte.

Teknisk sjef Tone S. Skuggevik orienterte om kostnader vedr. oppussingsprosjekt 2019 på Modalstunet. Håvard Engeset ba om at rådmannen styrkjer fokus på prosjektstyring for å sikre at kommunestyret sine løyvingar vert halde. Ann-Jorunn Farestveit etterspurde i kva grad ein treng nytte arkitekt i ulike prosjekt, kor tid det vert naudsynt å hente inn slik kompetanse. Rådmannen viste til at dersom det m.a. gjeld arbeidsplassar, så har ein behov for ytterlegare kompetanse. I tillegg at somme investeringar er vanskelegare å prissetje. Rådmannen understreka at det er ei klar målsetjing å halde seg til dei løyvingar kommunestyret gjev. Linda Neset etterlyste tydelegare prosjektstyring slik at løyvde rammer vert haldne. Liv-Anne Aanesen etterlyste rutine for tilbakemelding til kommunestyret dersom prosjekt endrar seg.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Økonomirapporteringa pr 2. tertial 2019 vert teken til orientering.

Det vert vedteke slike justeringar i budsjettet:

Auka løyving til Pleie og omsorg finansiert med redusert løyving til Rådmannen/sentraladm

	Budsjett	Endring	Justert budsj
	2019	2019	2019
Rådmannen/sentraladm	14 641 782	-1 000 000	13 641 782
Pleie og omsorg	15 929 566	1 000 000	16 929 566

Omfordeling av løyving knytt til Ung jobb:

	Fordeling
Teknisk	86 667
Rådmannen/sentraladm (Bryggjeslottet)	133 333
Pleie og omsorg (Modalstunet)	40 000
Barnehage	140 000
Reduksjon i løyving til Teknisk	-400 000

076/2019: Budsjett og økonomiplan 2020-2023

Behandling:

Økonomisjef orienterte om saka og svara på spørsmål. Rådmannen orienterte om ynskje frå administrasjonen om styrking av småinvesteringar med 250 000 kr til V/A plan og 300 000 kr på investeringsbudsjettet til oppgradering av elektrisk anlegg i Hall B Industribygget.

Under handsaminga av investeringsbudsjettet kom Håvard Engeseth med framlegg om å endre budsjettet i tråd med rådmannen sitt endringsforslag, samt flytte oppgraderinga av ventilasjonsanlegget på Modalstunet frå 2022 til 2021.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak, med Håvard Engeseth sitt framlegg til endringar vart teke opp til votering.

Samrøytes vedteke

Vedtak:

1. Modalen kommune sitt budsjett og økonomiplan 2020-2023 vert vedteke slik det ligg føre i tråd med budsjett- og økonomiplandokumentet, med desse endringane gjort av av kommunestyret:
 - Småinvesteringar vert auka med 250 000 kr til V/A plan
 - Elektrisk anlegg Hall B Industribygget løyvd 300 000 kr på investeringsbudsjettet for 2020
 - Ventilasjon Modalstunet flytta frå 2022 til 2021 på investeringsbudsjett
2. Eigedomsskatt 2020:
 - a. For eigedomsskatteåret 2020 vert det skrive ut eigedomsskatt med heimel i eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c: «berre på Kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum».

- b. Den alminnelege eigedomsskattesatsen i Modalen kommune er 7 promille, jfr eigedomsskattelova § 11 fyrste ledd
 - c. Eigedomsskatten for 2020 forfell til betaling i 2 terminar: 31. mars og 30. september, jfr eigedomsskattelova § 25
 - d. Klagenemnda for eigedomsskatt har kompetanse til å handsama klager etter § 19 i eigedomsskattelova, jfr § 20 i eigedomsskattelova.
 - e. Modalen kommune gjennomførte ny alminneleg taksering I 2019. Dette omfattar I praksis kun kraftnettet, då eigedomsskattegrunlaget for kraftverk er likningsverdiar.
-
- 1. Låneopptak frå Husbanken til vidareformidling vert fastsett til kr 1 500 000 for 2020. Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket.

 - 1. Låneopptak til finansieringa av investeringar 2020 vert fastsett til kr 25 500 000 for 2020. Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket.

 - 1. Betalingssatsar for 2020 vert vedteke i tråd med vedlegget: Modalen kommune – Betaling for kommunale tenester 2020

077/2019: Val av representant og vararepresentant til BKK viltfond

Behandling:

Ordføraren føreslår Linda Neset som repr. og Håvard Engeseth som vararepr. til BKK Viltfond.
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommune vel Linda Neset som representant og Håvard Engeseth som vararepresentant til BKK viltfond i perioden 2019 - 2023
